



DET KONGELEGE
ARBEIDS- OG SOSIALDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 107

(2004–2005)

Om lov om endring i lov 14. desember 1973 nr 61 om statsgaranti for lønnskrav ved konkurs m.v. og lov 8. juni 1984 nr. 59 om fordringshavernes dekningsrett (dekningsloven)

*Tilråding frå Arbeids- og sosialdepartementet av 1. juli 2005,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Innleiing

Den statlege lønnsgarantiordninga skal sikre arbeidstakarane sine krav på lønn m. m. som ikkje kan dekkjast på grunn av konkurs hos arbeidsgjevaren. Gjennom EØS-avtalen er Noreg pliktig til å ha ei lønnsgarantiordning. Det er likevel gjort nokre avgrensingar i dekningsområdet for garantien, blant anna er krav frå arbeidstakar som har vore dagleg leiar, som har hatt ein eigardel på meir enn 20 prosent og styremedlem som ikkje har vore vald representant for arbeidstakarane, i utgangspunktet haldne utanfor lønnsgarantidekning. Det same gjeld arbeidstakar som har vore tillitsmann når skyldnaren er ei samanslutning eller stifting.

I samband med implementeringa av Rådskdirektiv 2002/74/EC om endring av direktiv om vern av arbeidstakarar når arbeidsgjevaren er insolvent, er det nødvendig å gjere enkelte endringar i dagens regelverk. Dei endringane det er framlegg om, går ut på at arbeidstakar som har vore dagleg leiar, styremedlem som ikkje har vore vald representant for arbeidstakarane, eller tillitsmann i samanslutning eller stifting, og som etter dagens regelverk i utgangspunktet er haldne utanfor dekningsområdet til lønnsgarantien, likevel får lønnsgarantidekning.

Endringane vil ha små administrative konsekvensar for forvaltninga, men det vil føre med seg

sterkt auka utgifter over lønnsgarantien ettersom det vil bli enklare for desse gruppene av arbeidstakarar å få lønnsgarantidekning. Det er rekna med at dei endringane det er framlegg om, vil føre til ein auke i lønnsgarantiutbetalingane på ca. 115 mill. kroner årleg, avhengig av talet på konkursar.

2 Gjeldande rett

Den statlege lønnsgarantiordninga skal sikre arbeidstakarane sine krav på lønn m.m. som ikkje kan dekkjast på grunn av konkurs hos arbeidsgjevaren. Ved utbetaling av lønnsgarantidekning går staten inn i kravet til arbeidstakaren i konkursbuet. Ordninga har eit sosialt tilsnitt og skal sikre at arbeidstakarane får dekt sine krav sjølv om arbeidsgjevaren går konkurs.

Rådskdirektiv 80/987/EØF om vern av arbeidstakarane i tilfelle der arbeidsgjevaren er insolvent (insolvensdirektivet), krev at alle EU/EØS-land har ein garantiinstitusjon som sikrar arbeidstakarane lønn ved konkurs hos arbeidsgjevar. Noreg er bunde av direktivet gjennom EØS-avtalen.

Utgangspunktet etter insolvensdirektivet er at alle arbeidstakarar som blir råka av konkurs, har rett til lønnsgarantidekning. Det blir likevel opna

for at det kan fastsetjast avgrensingar i utbetalingane, noko som både Noreg og dei andre nordiske landa har nytta seg av. I Noreg er dette blant anna gjort ved å avgrense den maksimale utbetalinga frå ordninga til inntil to gonger grunnsommen i folketrygda per arbeidstakar.

Lønnskrav blir dekte over lønnsgarantien i den utstrekninga dei har fortrinnsrett i konkurs etter arbeidsgjevar ut frå reglane i lov 8. juni 1984 nr. 59 om fordringshavernes dekningsrett (dekningsloven), kapittel 9. I norsk rett er krav frå tillitsmann i samanslutning eller stifting, dagleg leiar og styremedlem som ikkje har vore representant for arbeidstakarane i styret, i utgangspunktet haldne utanfor lønnsgarantidekning i samsvar med dekningsloven § 9–3 nr. 1 bokstav a), c) og d). Etter dekningsloven § 9–3 nr. 1 bokstav b) er også krav frå arbeidstakar som har hatt ein eigardel på minst 20 prosent, haldne utanfor lønnsgarantidekning. Unntaka gjeld lønnskrav som er opptente medan arbeidstakaren var i ein slik posisjon.

Dekning kan likevel gjevast dersom arbeidstakar som har vore styremedlem eller eigar, sannsynleggjer at vedkomande ikkje har hatt vesentleg innverknad på drifta i verksemda, jf. dekningsloven § 9–3, første ledd, nr. 1, andre ledd. Når det gjeld dagleg leiar, vil arbeidstakar ha krav på dekning dersom vedkomande ikkje har hatt slike mandat og fullmakter som normalt ligg til stillinga som dagleg leiar. Reglane byr på skjønnsvurderingar, og det vil ofte vere vanskeleg for arbeidstakar å kunne bevise at han eller ho ikkje har hatt vesentleg innverknad på drifta i verksemda. I ein del tilfelle vil dermed reglane kunne slå urimeleg ut. Dersom ein kjem til at det er rimeleg å bruke den ovanfor nemnde unntaksregelen, vil krav som eventuelt går utover dekningsområdet for lønnsgarantien, ha fortrinnsrett i forhold til andre kreditorar.

Insolvensdirektivet artikkel 10 a) og b) gjev også medlemsstatane rett til å treffe nødvendige tiltak for å unngå misbruk. I norsk rett er det ein regel som skal hindre lønnsgarantiutbetaling ved misbruk i lov 14. desember 1973 nr. 61 om statsgaranti for lønnskrav ved konkurs m.v. (lønnsgarantiloven) § 7.

3 Høyringsframlegg

I høyringsframlegget frå departementet gjekk det fram at endringane skulle gjerast i dekningsloven § 9–3, første ledd nr. 1 første og andre ledd ved at ein fjerna unntaka for arbeidstakar som hadde vore dagleg leiar, styremedlem eller tillitsmann i samanslutning eller stifting frå regelen.

4 Merknadene frå høyringsinstansane

Høyringsbrevet har vore på vanleg høyring til 17 høyringsinstansar. Departementet har fått tilbake 13 høyringssvar, av dei har to høyringsinstansar komme med merknader til framlegget.

Justisdepartementet har i sitt høyringssvar peikt på at dersom endringa blir gjort i dekningsloven, slik det var framlegg om i høyringsbrevet, vil dette også verke inn på kva for krav som får prioritet som krav av første klasse i konkurs. Endringsframlegget vil føre med seg at arbeidstakarar som har vore tillitsmann, dagleg leiar eller styremedlem vil få fortrinnsrett for sine lønnskrav føre andre kravshavarar i buet. Justisdepartementet synest ikkje dette utan vidare er rimeleg i tilfelle der desse personane gjennom stillingane sine har teke del i avgjerder som førte til konkursen. Vidare har Justisdepartementet vist til at beløpsgrensa på 2G som følgjer av lønnsgarantiloven § 1, tredje ledd første punktum, og misbruksregelen i lønnsgarantiloven § 7, andre ledd ikkje vil bli brukt for prioritetsregelen i dekningsloven § 9–3. Dette kan føre til at lønnskrafa får prioritet etter dekningsloven § 9–3 utan at dei nødvendigvis har dekningsrett over lønnsgarantien.

Konkursrådet støttar framlegget om at det blir opna for at tillitsmenn i samanslutningar og stiftingar, daglege leiarar og styremedlemmer kan få lønnsgarantidekning. Det blir hevda frå rådet at det, i tillegg til å vere ei beløpsgrense på 2G for dekning etter lønnsgarantiordninga, også bør setjast grenser for den prioriteten restbeløpet har i konkursbuet. Etter Konkursrådet sitt syn bør ein administrerande direktør som har fleire millionar kroner til gode i lønn, ikkje ha førsteprioritet etter dekningsloven § 9–3 for heile kravet fordi det vil kunne binde opp alt som måtte vere att til fordeling i eit bu. Slik Konkursrådet ser det, vil dette kunne verke svært urimeleg, og i visse tilfelle støytande, overfor dei andre kreditorane.

5 Vurdering og framlegg frå departementet

Det blei i 2002 gjort nokre få endringar i lønnsgarantiregelverket (Ot.prp. nr. 53 (2001–2002)), med sikte på å få dei norske reglane om styremedlemmer i samsvar med insolvensdirektivet. Den gongen blei det i utgangspunktet også teke høgd for at ein skulle møte krava i det nye direktivet slik at det ikkje blei nødvendig med fleire lovendringar. Etter

ein nærmare gjennomgang av direktivet har departementet kome fram til at det er eit behov for å endre lønnsgarantiloven og dekningsloven for å gjennomføre direktivet i norsk rett. Stortinget er såleis ikkje tidligare varsla om at dette direktivet fordrar lovendring.

Insolvensdirektivet (80/987/EØF) artikkel 1 nr. 2 gjev medlemsstatane høve til å utelukke krav frå arbeidstakarar på grunn av den spesielle karakteren arbeidsavtalen eller tilsetjingsforholdet har. Dagens norske regelverk held som nemnt unna arbeidstakar som har hatt ein eigardel på meir enn 20 prosent, som har vore dagleg leiar, styremedlem eller tillitsmann i samanslutning eller stifting frå lønnsgarantidekning, med mindre det kan godtgjerast at personane ikkje har hatt vesentleg innverknad på drifta. Dette fører i utgangpunktet til at denne personkretsen er halden utanfor dekning, og berre i unntakstilfelle er søknadene blitt innvilga.

I Rådskdirektiv (2002/74/EC) om endring av direktiv om vern av arbeidstakarar når arbeidsgjevarer er insolvent (endringsdirektivet), er det slått fast at det ikkje lenger er mogleg å halde oppe unntaka for tillitsmann, styremedlemmer og dagleg leiar på eit slikt grunnlag som det norske regelverket no gjer. Endringsdirektivet opnar berre for å unnta frå dekning arbeidstakarar som, aleine eller saman med nære slektningar, har vore eigar av ein vesentleg del av verksemda, og som har hatt vesentleg innverknad på aktiviteten i verksemda, jf. artikkel 10, ny bokstav c).

Departementet kjem derfor med framlegg om at også desse gruppene arbeidstakarar i utgangpunktet får dekning. Ved å fjerne desse unntaka vil norsk rett også bli meir på linje med lønnsgarantiordningane i dei andre nordiske landa.

Som nemnt har det kome merknader i høyringsrunden knytt til i kva for ein lov dei aktuelle endringane bør gjerast. Departementet sluttar seg til innspelet frå Justisdepartementet, og kjem på bakgrunn av dette med framlegg om at endringane blir gjorde i lønnsgarantiloven. I framlegget går ein inn for at regelen i lønnsgarantiloven § 1, tredje ledd blir utvida til også å omfatte dekning for krav frå tillitsmann i samanslutning eller stifting, dagleg leiar og styremedlem. Etter departementet si vurdering vil ei slik løysing ikkje svekke grunnlaget desse arbeidstakarane har for å få lønnsgarantidekning, og vil såleis vere i tråd med bakgrunnen for høyringsframlegget. Ei slik løysing vil likevel innebære at lønnskrav frå dei nemnde arbeidstakarane som går over det maksimale dekningsbeløpet på

2G, eller som av andre grunnar ikkje får lønnsgarantidekning, ikkje vil vere prioriterte krav i konkursbuet.

Departementet føreslår vidare å føye til ein regel i dekningsloven § 9–3, første ledd som gjev staten regresstilgang i konkursbuet for krav som er dekte over lønnsgarantien til desse gruppene av arbeidstakarar.

Som det går fram av omtalen av gjeldande rett, har krav frå arbeidstakar som har vore styremedlem eller dagleg leiar, men som kan bevise at han eller ho ikkje har hatt vesentleg innverknad over drifta i verksemda, likevel fortrinnsrett. Det blir ikkje gjort noka endring når det gjeld dette.

7 Økonomiske og administrative konsekvensar

Slik departementet vurderer det, vil ei slik endring som det er gjort framlegg om, gje reglar som forenkla saksbehandlninga. Vidare reknar ein med at endringa vil føre til ein nedgang i talet på klagesaker, noko som vil vere ressurs sparing både for Direktoratet for arbeidstilsynet og for departementet som klageinstans. Etter erfaringane i departementet utgjer denne typen saker ein relativt stor del av klagesakene.

Sidan det vil bli enklare for denne gruppa arbeidstakarar å få lønnsgarantidekning, vil endringane innebære ein stor auke i utbetalingane gjennom lønnsgarantien. Meirutgiftene er estimerte til i overkant av 115 mill. kroner. Dette er eit usikkert tal, men er framkome ved å ta utgangspunkt i at alle selskap er pliktige etter loven til å ha dagleg leiar og eit styre med 2–3 medlemmer. Dette inneber at når det gjeld dagleg leiar, vil det i nær sagt alle konkursar vere ein dagleg leiar som vil ha krav på dekning, dersom vedkomande har uteståande forfallen lønn eller feriepengar, med mindre andre unntaksreglar blir aktuelle å bruke. Når det gjeld dei auka utgiftene knytte til styremedlemmer, er dette meir usikkert sidan det berre vil vere styremedlemmer som også er arbeidstakarar, som vil få dekning for sitt lønnskrav.

8 Iverksetjing

Departementet gjer framlegg om at loven blir sett i verk frå den tid Kongen fastset.

Arbeids- og sosialdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endring i lov 14. desember 1973 nr. 61 om statsgaranti for lønnskrav ved konkurs m.v. og lov 8. juni 1984 nr. 59 om fordringshavernes dekningsrett (dekningsloven).

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endring i lov 14. desember 1973 nr. 61 om statsgaranti for lønnskrav ved konkurs m.v. og lov 8. juni 1984 nr. 59 om fordringshavernes dekningsrett (dekningsloven) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endring i lov 14. desember 1973 nr. 61 om statsgaranti for lønnskrav ved konkurs m.v. og lov 8. juni 1984 nr. 59 om fordringshavernes dekningsrett (dekningsloven)

I

I lov 14. desember 1973 nr. 61 om statsgaranti for lønnskrav ved konkurs m.v. gjøres følgende endringer:

§ 1 tredje ledd nytt annet punktum skal lyde:

Krav på vederlag som nevnt i dekningsloven § 9–3 første ledd nr. 1 første ledd bokstav a, c og d, er likevel, med samme beløpsbegrensning, dekningsberettiget over lønnsgarantien.

Nåværende andre og tredje punktum blir tredje og fjerde punktum.

II

I lov 8. juni 1984 nr. 59 om fordringshavernes dekningsrett (dekningsloven) gjøres følgende endringer:

§ 9–3 første ledd nr.1 annet ledd, nytt tredje punktum skal lyde:

Når staten har dekket krav på vederlag som nevnt i bokstav a, c og d over den statlige lønnsgarantiordningen, jf. lønnsgarantiloven § 1 tredje ledd annet punktum, har statens regresskrav mot boet fortrinnsrett.

III

Loven gjelder fra den tid Kongen bestemmer.